

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP

Møtedato: 27.05.2026**Møtestad:** Formannskapssalen 3 et.,
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:00 - 11:03**Behandla saker:** 50-51/2026

Møteleiar:	Parti:
Terje Søviknes	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Asle Olsen	SV
Espen Aspenes	FrP
Helge Steinum	Ap
Jakob Enerhaug	KrF
Kristin Søfteland-Larsson	H
Laila Marie Reiertsen	FrP
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Terje Søviknes	FrP
Trine Lindborg	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Emil Tetlie Brimsholm	H
Jon-Ivar Revne	INP

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Jakob Enerhaug	KrF
Kristin Søfteland-Larsson	H

Frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektør Arild M. Steine, kommunalsjef Eystein J. Venneslan, rådgivar Ingrid E. Tøsdal, konstituert plansjef Kaisa Banne, rådgivar Ragnhild Lønningdal, rådgivar Sara Heggland og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal

Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
50/2026	26/4919 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
51/2026	25/4423 Behandling av arealinnspel til KPA - akvakultur

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 30.04.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til saklista.

Behandling og vedtak i sak 50/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 27.05.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 09:00

Innkallinga blei godkjent.

Merknader til saklista frå ordførar Terje Søviknes, FrP:

- Det er ei sak på saklista, sak 51/2026 Behandling av arealinnspelet til KPA - akvakultur
- Det blir ein presentasjon av planvask etter behandlinga av sak 51/2026

Merknad til saklista frå Asle Olsen:

- Det er ikkje meldt ut til publikum at møtet ikkje blir strøyma

Saklista blei godkjent med merknader.

Merknad til godkjenning av protokoll av 30.04.26 frå Arbeiderpartiet sine representantar Steinum og Lindborg:

- I saka om behandling av utviding av næringsareal på Brandsneset meiner vi at saka dessverre ikkje var godt nok opplyst i forhold til noverande avtale og dispensasjon. Dette meiner vi er uheldig, og kunne påverka vår stemmegjeving for dette aktuelle innspelet.

Møteprotokoll frå 30.04.2026 blei godkjent med merknader.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 30.04.2026 blei godkjend med merknader.
Saklista blei godkjent med merknader.

51/2026 - BEHANDLING AV AREALINNSPEL TIL KPA - AKVAKULTUR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår å gå vidare med arealinnspelet som foreslått i vedlegg 1.

Behandling og vedtak i sak 51/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 27.05.2026

Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet

Forslag FrP/H

Formannskapet tilrår å gå vidare med arealinnspel som foreslått i vedlegg 1, med følgjande tillegg;

- a) Skorpo A_6 - innspel på utviding av akvakulturføremål i sjø
- b) Altaneset VA2 – innspel på utviding av akvakulturføremål i sjø
- c) Lyngsnes (VA11) – innspel på utviding av akvakulturføremål i sjø, men vert avgrensa (omsynssone for fortøying) mot skyte- og øvingsfelt for forsvaret

Framlegg til vedtak frå Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti

Alternativt framlegg til vedtak fra SV

Formannskapet sender arealinnspill tilbake til administrasjonen for ny siling for å redusere antall som går til KU. Formannskapet ber administrasjonen bruke strengere silingskriterier for hvilke akvakulturinnspill som bør gå vidare til konsekvensutredning, med særlig vekt på naturverdier, friluftsliv, avstand til boliger og hytter, og eksisterende miljøtilstand.

Forsvarsinteresser skal samtidig vektes mindre.

Behandling:

Innspel som ikkje går vidare - akvakultur:

Utviding av akvakulturområde Skorpo A_06 - Lerøy Vest As

Votering:

Forslag til vedtak fremma av Terje Søviknes, FrP om å ta med innspelet vidare fekk 6 stemmer (3FrP, 2H, 1KrF) mot 3 stemmer (2Ap, 1SV) og blei vedtatt.

Utviding av akvakulturområde Altaneset VA2 – Bolaks AS -

Votering:

Forslag til vedtak fremma av Terje Søviknes, FrP om å ta med innspelet vidare fekk 5 stemmer (3FrP, 2H) mot 4 stemmer (2Ap, 1KrF, 1SV) og blei vedtatt.

Utviding av akvakulturområde Lyngnes VA11 – Bolaks AS

Votering:

Forslag til vedtak fremma av Terje Søviknes, FrP om å ta med innspelet vidare fekk 5 stemmer (3FrP, 2H) mot 4 stemmer (2Ap, 1KrF, 1SV) og blei vedtatt.

Nytt innspel for næringsareal v/Sævareid Fiskeanlegg

Det nye Innspelet blir behandla i møte i Bjørnafjorden formannskap 25. juni

Votering:

Alternativt forslag til vedtak fremma av Asle Olsen, SV fekk 1 stemme (1Sv) og fall

Møtet blei midlertidig heva kl. 10:22

Møtet blei sett att kl. 10:36

Rådgivar Sara Heggland orienterte om planvask. Prosjekt for evaluering og oppheving av reguleringsplanar 2026-2027.

Møtet blei heva kl. 11:03

Vedtak:

Formannskapet tilrår å gå vidare med arealinnspel som foreslått i vedlegg 1, med følgjande tillegg;

- a) Skorpo A_6 - innspel på utviding av akvakulturføremål i sjø
- b) Altaneset VA2 – innspel på utviding av akvakulturføremål i sjø
- c) Lyngsnes (VA11) – innspel på utviding av akvakulturføremål i sjø, men vert avgrensa (omsynssone for fortøying) mot skyte- og øvingsfelt for forsvaret